

---

Saksnr: 2020/12-66  
Saksbehandlar: Susan Husabø

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for opplæring og kompetanse		03.11.2020

## Lokal forskrift om inntak og formidling, justering av nærskulematrise

Forslag til vedtak

1. Fylkestinget sitt vedtak i PS-sak 107/2020, Lokal forskrift om inntak og formidling, vedlegg 2 nærskulematrise, datert 19.08.2020, blir justert med slike tillegg:

- Søkarar frå Tysnes kommune får nærskulepoeng også til skulane i Bjørnafjorden kommune ( Os gymnas, Os vgs og Fusa vgs)
- Søkarar frå del av Kvinnherad kommune som ligg på nordsida av Kvinnheradsfjorden, postnummer 5637 Ølve og 5635 Hatlestrand, får nærskulepoeng også til Fusa vgs
- Søkarar frå Etne kommune med postnummer 5596 Markhus og 5598 Fjæra, får nærskulepoeng også til Odda vgs.
- Søkarar frå Gloppen kommune med postnummer 6826 Byrkjelo og 6827 Breim får nærskulepoeng også til Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs.
- Søkarar frå Sunnfjord kommune, postnummer 6843 Skei i Jølster, får nærskulepoeng også til Firda vgs.
- Søkarar frå Askvoll kommune med postnummer 6983 Kvammen får nærskulepoeng også til dei vidaregåande skulane i Førde

Ny nærskulematrise er datert 12.10.2020

Samandrag

I etterkant av fylkestinget sitt vedtak, 30.9.20, har det kome fram ønske om justeringar av nærskulematrisa. Fylkesdirektøren legg her fram tilrådde endringar.

Bjørn Lyngedal  
fylkesdirektør

Øivind Høines  
seksjonsleiar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Vedlegg

- Justert nærskulematrise, datert 12.10.2020

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok i møte 29.9.2020 (PS-sak 107/20) Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune. Den vedtekne inntaksmodellen er nærskuleprinsipp med inndeling av nærskuleområde etter nærskulematrise datert 19.8.2020.

Fylkestinget sitt vedtakspunkt 3 gir hovudutval for opplæring og kompetanse fullmakt til å vedta justeringar av nærskulematrisa:

3. Nærskulematrisa evaluerast kontinuerleg, og utilsikta, negative konsekvensar skal rettast så fort som mogleg gjennom politisk vedtak.

Hovudutval for opplæring og kompetanse gis fullmakt til å gjere eventuelle justeringar i nærskulematrisa. Justeringar i matrisa skal ivareta dei overordna intensjonane i den nye inntaksmodellen.

I løpet av den politiske handsaminga av forskrifta kom det merknadar frå nokre skular om at vi burde sjå nærare på inndelinga i nokre område for å tilpasse matrisa enno betre til søkar- og kommunikasjonsmønster.

Fylkesdirektøren har hatt ein gjennomgang av matrisa på grunnlag av innspel frå rektorane. Nokre innspel handlar meir om å utvide søkarretten ut over nærskuleområda. Etter fylkesdirektøren si vurdering vil slik justering ikkje ivareta dei overordna intensjonane i den nye inntaksmodellen.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for opplæring og kompetanse har vedtaksmynde, gitt i punkt 3 i fylkestinget sitt vedtak om Lokal forskrift om inntak og formidling i Vestland fylkeskommune.

Vurderingar og verknader

Tysnes kommune er lagt til nærskuleområde 1 Sunnhordland, men for mange av elevane derfrå er reiseavstanden kortare til skulane i Bjørnafjorden kommune. Kvinnherad kommune er lagt til nærskuleområde 1 Sunnhordland. Kommunen er meir utfordrande geografisk enn fylkesdirektøren tok omsyn til i arbeidet med nærskulematrisa, der søkarar frå kommunen vart gjeve nærskulepoeng også til Odda vgs. Kommunen ligg på begge sider av Kvinnheradsfjorden og for elevane på nordsida vil tilgang til Fusa vgs, i nærskuleområde 3, gje kortare reiseavstand enn til Kvinnherad vgs.

Fylkesdirektøren rår til at søkarar frå denne delen av kommunen får nærskulepoeng også til Fusa vgs.

Kommunane Etne og Sveio er del av nærskuleområde 1, men er omfatta av gjesteavtale med Rogaland fylkeskommune, då reisevegen til vidaregåande skular i nabofylket er kortare for mange av dei. I Etne kommune har elevar frå dei nordlegaste delane kortare veg til Odda vgs i nærskuleområde 2 Hardanger og Voss.

I nordfylket er det elevar som har kortare reiseveg til skular utanfor eige nærskuleområde. For elevar frå sørlegaste delen av Gloppen kommune, nærskuleområde 8 Nordfjord, er det kortare reiseavstand til skulane i Førde, Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs, enn til Firda vgs. Tilsvarende har elevar frå nordlegaste del av Sunnfjord kommune, nærskuleområde Sunnfjord og Sogn, kortare reiseveg til Firda vgs enn til Mo og Øyrane vgs og Hafstad vgs.

Elevar frå nordlege del av Askvoll kommune, Kvammen, vil få kortare reiseveg til skulane i Førde enn til Dale vgs som er einaste skule i nærskuleområde 6 HAFS ( Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund)

**Økonomi:** Følgjer eksisterande reisemønster, så truleg ikkje konsekvensar

**Klima:** Ikkje relevant

**Folkehelse:** Ikkje relevant

**Regional planstrategi:** Ikkje relevant

## Konklusjon

På grunnlag av vurderingane over, legg fylkesdirektøren fram ei tilråding som inneheld sju tilpassingar, der søkar får tilgang til andre nærskuleområde enn «eige» område. Kortare reiseavstand er grunngevinga for endringsframlegga.

Etter første inntaksrunde med ny modell vil det hausten 2021 vere naturleg å informere hovudutval for opplæring og kompetanse om kva utslag inntak etter nærskulemodellen har hatt, og eventuelt kome med fleire framlegg til justeringar for å bøte på utilsikta negative konsekvensar.

Fylkesdirektøren ser at kombinasjonen av nærskulemodellen og reduksjonar i opplæringstilbodet kan bli utfordrande. Ønske om at dei fleste ungdommane skal få skuleplass i nærskuleområde, kombinert med dei økonomiske nedskjeringane i sektoren, vil truleg gjere arbeidet i inntaksperioden krevjande. Utan verkemiddel for å endre/tilpasse klasse- og plasstal i løpet av sommaren, kan arbeidet med å tilby alle søkarane med ungdomsrett skuleplass ta lengre tid enn ønskeleg.

Fylkesdirektøren vil kome tilbake med eiga sak med nærare utgreiing av behovet for administrative fullmakter i inntaksperioden.